

**Ullensvang
kommune**

Oppvekst og utdanning

Plan for skule- og barnehagestruktur

2026 - 2031



Vedteke i kommunestyret

00.00.0000





Innholdsliste

Innleiing	3
No situasjonen	4
Behov ved den enkelte skule	5
Samanhengen mellom kompetansekravet og lærartettleiken.	9
Individuell tilpassa opplæring, tidleg innsats og ressursbruk	10
Gjeldande skulekrinsgrenser og utfordringar i høve dette	12
Dagens barnehagestruktur	14
Oppvekstsenter	15
Utvikling i barnetal og elevtal	17
Tal skuleelevar	18
Elevtal 1. trinn per skule	19
Tal elevar frå anna kommune (gjesteelevar)	19
Tal barn i barnehage	21
Tal barn med barnehageplass frå andre kommunar	22
Tilstand bygg	23
Skulebygg - teknisk etterslep	24
Barnehage - tilstand og kostnad	25
Vurdering av barns beste i skule- og barnehagestrukturplanen - ei oppsummering	26
Tilråding	27
Tilråding nr. 1 Samlokalisering av Odda barneskule og Tyssedal barneskule	27
Tilråding nr. 2 Utgreiing av ein skule på vestsida av Sørfjorden	29
Tilråding nr. 3 Utgreiing av sentrumsbarnehage i Odda	31
Rådmannen sine tilrådingar oppsummert	32
Vedlegg - oppsummering av høyringsinnspela	33





Innleiing

Ei bestilling av plan for skule- og barnehagestruktur i Ullensvang kommune vart vedteke i kommunestyret juni 2025. Planen legg opp til ein heilskapleg gjennomgang der samanhengen mellom dei to sektorane barnehage og skule vert handtert gjennom felles strategiske mål, demografiske omsyn og konkrete fysiske tiltak.

Arbeidsprosessen fram mot endeleg plan har fulgt vedtaket:

- a. Ein representant frå kvart politiske parti i kommunestyret vert vald til å sitje i referansegruppa beståande av 8 personar.
- b. Administrasjonen set saman ei arbeidsgruppa med kommunalsjef for oppvekst og utdanning som leiar

Kommunestyret vedtek framdriftsplan for prosess og involvering, med desse endringane:

- Referansegruppa og arbeidsgruppe skal gå i dialog med innbyggjarane i prosessen, for å sikre betre involvering.
- Endeleg forslag til skulestruktur vert ikkje lagt fram før andre kvartal 2026.

Planen gjer greie for områda kommunestyret har vedteke:

Kommunestyret vedtek at desse områda skal gjerast greie for i planen:

1. ei fullstendig oversikt over tal på skuleelever fram til skuleåret 2030-2031
2. ei oversikt over no-situasjonen og behov ved den enkelte skule
3. ei oversikt over gjeldande skulekrinsgrenser og problemstillingar i høve dette
4. ei skildring om mogleg framtidig skulestruktur og innsparing
5. ein skal sjå på barnehagestruktur, moglegheit for oppvekstsenter og SFO-tilbodet parallelt med skulestrukturplanen.





No situasjonen

Dei siste åra har det skjedd store endringar på nasjonalt hald som legg tydelege føringar for framtida i barnehagar og skular. Oppvekstreforma, nye læreplanar og endringar i opplæringslova slår fast at livsmeistring er hovudoppdraget, og at kvart enkelt barn skal oppleve seg inkludert i fellesskapet.

Det overordna prinsippet for alt utviklings- og omstillingsarbeid er barnet sitt beste. For å lukkast med dette må «laget rundt barnet» bli meir samkøyr, og det må finnast ei felles forståelse for kva som skaper utvikling og læring for den enkelte. Reforma er tydeleg på at tverrfagleg samarbeid må styrkast, og at dei tilsette må ha rett kompetanse for å møte dei komplekse behova hjå barn og unge i dag.

Frå nasjonale føringar til lokal handling

Sjølv om rammene er lagde nasjonalt, er det opp til kommunen å utarbeide tiltaka som skal til for å nå måla. Med ein nedgang i barnetalet vert det isolert sett overført færre ressursar til oppvekstsektoren. Det er difor avgjerande å tilpasse ressursbruken til demografiutviklinga. Skal vi samstundes lyfte kvaliteten, må vi tora å prioritere dei tiltaka vi veit fungerer.

For å snu denne utviklinga har fagmiljøa i Ullensvang identifisert fleire kritiske punkt for betring:

1. Styrka allmennpedagogikk: Ved å heve kompetansen på tilpassa opplæring i det ordinære klasserommet, vert behovet for særskilde vedtak redusert.
2. Rett kompetanse på rett stad: Meir bruk av rettleiing frå PPT og spesialpedagogar direkte inn i klasserommet og på avdelingane, framfor at barnet vert teke ut av gruppa.
3. Heilskapleg leiing: Eit tydelegare leiingsfokus på korleis ein disponerer det samla støttelaget på kvar enkelt eining.
4. Forenkling av administrative prosessar: Mindre tid på sakshandsaming og meir tid på direkte arbeid med barna.





Tema	Nositasjonen
Fagkompetanse	Mangel på kvalifiserte barnehagelærarar, spesialpedagogar, og pedagogisk personale. Ulike dispensasjonar frå pedagognormen.
Små einingar	Mange små skular og barnehagar gjer det vanskeleg å skape sterke fagmiljø og effektiv ressursbruk. Dette fører til høgare kostnader per elev/barn.
ITO- individuell tilrettelagt opplæring	Høge kostnader knytt til individuell tilrettelagt opplæring (ITO). ITO er ressurskrevjande, og det er utfordringar med å organisere dette effektivt.
Tidleg innsats	Manglande struktur i det tverrfaglege samarbeidet, og vanskar med å fylle stillingar til tidleg innsats. Fokus er meir på "brannslukking" enn førebygging.
Utanforskap blant unge	Mange unge vaksne står utanfor arbeid eller utdanning, noko som har betydelege økonomiske og sosiale konsekvensar.
Ressursbruk	Ressursbruken er ineffektiv på grunn av mange små einingar og høge kostnader knytt til spesialundervisning.

Tabellen syner No-situasjonen og framtidsbilete, Oppvekst og utdanning. Omstillingsarbeidet- KSK si oppsummering av fokusområda hausten for sektoren oppvekst og utdanning 2024.

Behov ved den enkelte skule

Krav om kompetanse for å bli tilsett i lærarstilling.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgja for at dei som blir tilsett i lærarstilling, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse seinast når dei tar til i stillinga, opplæringslova § 17-3. Dersom ingen søkjarar oppfyller kompetansekrava, kan andre tilsetjast mellombels i ei lærarstilling. Slik





mellombels tilsetjing skal ikkje vare lenger enn til 31. juli, med mindre søkjaren blir tilsett på det vilkåret at påbyrja lærarutdanning skal fullførast. Kor lenge ei tilsetjing på vilkår om påbyrja utdanning skal vare, avtaler arbeidsgivaren og arbeidstakaren ut i frå kor stor stilling og kor lang utdanning det er tale om, og kor tilgjengeleg utdanningstilbodet er. Departementet kan gi forskrift om kva kompetanse ein må ha for å kunne bli tilsett i lærarstilling.

Om lag halvparten av våre grunnskular har per inneverande skuleår undervisningspersonale som er midlertidig tilsett på vilkår. Det tyder på at dei ikkje har godkjent utdanning i nokre av faga dei underviser i.

Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag.

Opplæringslova § 17-4 stiller krav til kva kompetanse lærarane skal ha for å bli tilsett i lærarstilling og til å undervise i ulike fag. Sidan 2015 har det vore skjerpa krav til kva fordjuping ein lærar må ha for å undervise i kjernefaga norsk, matematikk og engelsk. Dette blir ofte kalla «avskiltingslova» av kritikarar, fordi lærarar utdanna før 2014 også må oppfylle desse krava innan 2025. Læraren må ha minst 30 studiepoeng i faget dei underviser i (norsk, matte, engelsk) på barnetrinnet (1.-7. trinn), og læraren må ha minst 60 studiepoeng i faget dei underviser i (norsk, matte, engelsk) på ungdomstrinnet (8.-10. trinn).

I andre fag som samfunnsfag, naturfag, KRLE osv., er det førebels ikkje tilsvarande krav om fordjuping for å undervise, så lenge ein har godkjent lærarutdanning. Ein kan vere fast tilsett som lærar med godkjent utdanning, men likevel få nei til å undervise i spesifikke fag dersom ein manglar studiepoenga nemnt over. Krava om relevant kompetanse i undervisningsfag gjeld ikkje dei som kunne tilsetjast i lærarstilling før 1. januar 2024, allmennlærar og mellombels tilsette. Kommunen og fylkeskommunen kan fråvike krava til relevant kompetanse i undervisningsfag dersom det er nødvendig fordi skulen ikkje har nok tilsette i lærarstilling som oppfyller krava. Ei slik avgjerd skal vurderast på nytt kvart skoleår. Departementet kan gi forskrift om krav til relevant kompetanse i dei ulike faga.





UTDANNING

Karakter: **2.9**

Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn

%: **77.4**

Andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk har økt nasjonalt de siste årene. 83.60 prosent av norsklærerne, matematikklærerne og engelsklærerne oppfylte i 2022 kompetansekravene i barneskoletrinnet. I Ullensvang oppfyller 77.39 prosent dette kravet. En del lærere i barneskolen som underviser i norsk, engelsk og matematikk i kommunen mangler fordypning ifølge statistikken.



Kommunebarometeret 2025

Tabellen henta frå Kommunebarometeret 2025 viser korleis situasjonen er i vår kommune. Det er 77,39 % av dei lærarane som underviser i norsk, matematikk og engelsk på barnetrinnet som fyller kompetansekrava. Samanlikna med nasjonalt som er på 83,60 %. Dette er eit tydeleg signal om at vår kommune står overfor særskilte utfordringar når det gjeld rekruttering og kompetanseutvikling i skulen. Når færre lærarar har den formelle fordjupinga (30 studiepoeng på barnetrinnet), kan det påverke den faglege breidda i kollegiet. Statistikken kan tyde på at vi slit med å være ein attraktiv kommune for nyutdanna lærarar eller at det er lekkasje til privat næringsliv og andre kommunar i nærleiken. Sjølv om det ikkje alltid er ein direkte samanheng mellom studiepoeng og elevresultat, viser forskning at læraren sin faglege tryggleik er den viktigaste enkeltfaktoren for elevane si læring.





Skuleeigar har dei siste skuleåra hatt fleire lærarar på vidareutdanning i “kompetanse for kvalitet” i regi av Utdanningsdirektoratet. Visar til tabell nedanfor.

Skuleåret	Tal lærarar på vidareutdanning
2021-2022	15
2022-2023	7
2023-2024	14
2024-2025	8
2025-2026	12

Vi vil og i åra framover oppfordre lærarar til å søke vidareutdanning i fag som er i samsvar med kompetanseplanen til den enkelte skule.

Lærartettleik

Lærarnorma set ei grense for kor mange elevar det maksimalt kan vere per lærar i ordinær undervisning. Dette er eit krav på skulenivå, ikkje per klasse.

Stortinget vedtok i 2018 innføring av ein norm for lærartettleik. Frå hausten 2019 vart krava skjerpa slik at det skal i gjennomsnitt vere maks. 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og i gjennomsnitt maks. 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Ein brukar einingsmålet **GSI** (Grunnskolen Informasjonssystem) og ser på forholdet mellom talet på elevar og talet på lærarårsverk i ordinær undervisning. Spesialundervisning og særskild norskopplæring kjem i tillegg til desse ressursane.

Lærartettleiken er betre/høgare på dei mindre skulane. I tabellen henta frå GSI (grunnskulens informasjonssystem) vert dette illustrert (tal for skuleåret 2025-2026).





SKULE	Småtrinn 1-4 Lærarnorm: gjennomsnitt 15 elevar pr. lærar	Mellomtrinn 5-7 Lærarnorm: gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar	Ungdomstrinn 8-10 Lærarnorm: gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar
Hauso	6,4	8,5	11,0
Jondal	8,3	12,9	13,1
Kinsarvik	9,4	9,4	12,6
Odda barneskole	13,8	18,6	
Odda ungdomsskole			15,7
Opedal	13,9	16,2	
Røldal	8,7	10,2	12,8
Skare	8,0	11,3	
Tyssedal	13,6	7,4	
Vikebygd	6,0	13,7	

Samanhengen mellom kompetansekravet og lærartettleiken.

Dette skaper eit krysspress i vår kommune:

1. **Lærartettleiken** krev at vi har *nok* hovud i klasseromma.
2. **Kompetansekravet** krev at desse hovuda har *rett* fagleg fordjuping.

Når statistikken viser at berre 77, 39 % oppfyller kompetansekravet, betyr det at sjølv om kommunen oppfyller lærarnorma (talet på lærarar), så har vi eit «kvalitetsgap» der mange underviser i fag dei formelt sett ikkje har nok studiepoeng i.





Oppsummering av krava

Kravtype	Målsetjing	Lovhjemmel
Kompetanse-krav	Fagleg kvalitet i kvart enkelt fag	Opplæringsforskrifta.
Lærartettleik	Tid til kvar enkelt elev (relasjon og oppfølging)	Opplæringslova § 14-3

Individuell tilpassa opplæring, tidleg innsats og ressursbruk

Ein del elevar har rett til ekstra tilrettelegging for å få utbytte av opplæringa. Etter ny opplæringslov 2024 kan dette vera gjennom individuell tilrettelagt opplæring, personleg assistanse eller ved fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. I opplæringslova § 11.6. står det: *“Elevar har rett til individuell tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredstillande utbytte av opplæringa.”*

Individuelt tilrettelagt opplæring skal vere eit tilbod til dei elevane som treng det, ikkje eit generelt tiltak. Målet er at så mange som mogleg skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa gjennom god tilpassa opplæring i ordinær undervisning.

I 2024 mottok 13 % elevane i Ullensvang kommune individuelt tilrettelagt opplæring. Dette er vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet som ligg på 8 %. Det høge talet kan ha fleire årsaker, både behov for betre tilpassa opplæring i ordinær undervisning, utfordringar med tidleg innsats og førebyggjande arbeid, variasjon i praksis for når ITO blir sett i verk og faktiske behov knytt til elevgruppa. Individuelt tilpassa opplæring er ei særlysing og det er ressurskrevjande. Eit skuleår består av 38 veker for ein skuleelev. Ein time med ITO-undervisning koster ca. kr. 38.000,- for ein time pr. veke i 38 veker for ein elev. Når 13 % av elevane i kommunen har enkeltvedtak om ITO utgjør dette ei betydeleg økonomisk belastning som går ut over ressursar til anna pedagogisk utviklingsarbeid og tiltak.





I tillegg må skulane ha kapasitet på rom dersom det er behov for fysisk tilrettelegging eller spesialpedagogiske tiltak.

Effekten av individuell tilpassa opplæring er varierende, og ny opplæringslov har føringar om at flest mogleg elevar skal lykkast innanfor rammene av den ordinære undervisninga. Å arbeide for å få redusert individuell tilpassa opplæring og erstatta den med god tilpassa undervisning i klasserommet kan gi stor økonomisk gevinst for kommunen og kvalitetsgevinst for elevane.


Tjenestene viser til ulike utfordringar knytta til ITO:

- Kostnadene ved spesialundervisning: Ressursinnsatsen til ITO er ei betydeleg økonomisk belastning for sektoren og for kommunen. Ein time med individuell tilpassa opplæring kosta i 2023 rundt 38.000 kroner per år per elev. Dette kan hindre kommunen i å opprettholde tilstrekkelege ressursar til andre elevar og aktivitetar.
- Små skular og fagmiljø: Mange små skular i kommunen kan ha utfordringar med å tilby tilstrekkeleg støtte og kompetanse i individuell tilpassa opplæring. Små fagmiljø kan hindre deling av erfaring og effektiv opplæring.
- Rekruttering av spesialpedagogar: Som med barnehagesektoren, slit grunnskulen med å rekruttere nok kvalifiserte spesialpedagogar. Mangelen på kvalifiserte tilsette betyr at elevane ikkje får den nødvendige tilpassa opplæringa til riktig tid.
- Organisering av individuell tilpassa opplæring: Det er utfordring med korleis individuell tilpassa opplæring er organisert og gjennomført i praksis, noko som kan svekke effekten av tiltaka for dei elevane som treng tilrettelagt opplæring.






Gjeldande skulekringsgrenser og utfordringar i høve dette



Kart over gjeldande skulekringsgrenser.

Tidene endrar seg og ein kan spørre seg om skulekringsgrensene er realistiske slik dei er i dag. Skuleeigar har fleire søknadar kvart år der føresette søkjer om at deira born må få byte skule av ulike grunnar. Opplæringslova § 2-6 opnar opp for denne moglegheita, og skuleeigar må gjera ei vurdering i kvar einskild sak. Berre sidan januar 2026 har skuleeigar handsama sju slike saker der føresette sender ein grunngjeve søknad til skuleeigar om å få byte til ein annan skule enn nærskulen.





Før kommunesamanslåinga i 2019 hadde Ullensvang herad ei sak om skulenedlegging på vestsida, og i samband med denne saka mottok skuleeigar i 2020 søknader frå føresette for til saman tretten skuleborn. Føresette søkte seg til Odda barneskole dersom Vikebygd skule blei lagt ned og Hauso skule vart deira nærskule.

For skuleåret 2026-2027 har så langt tre av fire elevar, som tilhøyrrer Vikebygd krins, skrive seg inn på 1. trinn ved Odda barneskole. Til saman har fem elevar inneverande skuleår fått innvilga søknad om å tilhøyre Odda skulekrins i staden for Vikebygd krins.


Nye skulekrinsgrenser vert vedteke i tråd med ny struktur.





Dagens barnehagestruktur

Ullensvang kommune har berre kommunale barnehagar og barnehagane er geografisk spredt i heile kommunen.



Bilete 1.: Oversikt over dei 13 barnehagane i Ullensvang kommune.

Ullensvang kommune har ikkje barnehagekrinsar og foreldra kan søkja seg inn i den barnehagen dei ønskjer. I oversikta under vil du sjå ei oversikt over fordelinga av talet på barn i ulike område av kommunen dei siste fem åra.





Oversikt over tal barn i dei ulike områda i kommunen

Område	2021/ 2022	2022 /2023	2023/ 2024	2024/ 2025	2025/ 2026
Odda (Eitrheim, Eidesåsen, Rabben, Hestavoll)	185	191	200	206	199
Tyssedal	26	27	25	29	29
Skare	16	16	13	13	18
Røldal	16	13	16	15	15
Jondal	48	46	49	53	53
Vestsida av Sørfjorden	33	36	33	44	47
Austsida av Sørfjorden	100	104	105	105	101

Tabellen syner oversikt over tal barn i kvar "sona" for dei ulike barnehageåra.


I Odda, Jondal og på vestsida av Sørfjorden har vi hatt ei auke i tal barn dei siste fem åra. I Skare, Røldal og austsida av Sørfjorden har vi hatt eit stabilt tal barn dei siste fem åra i barnehagane.

Befolkningsframskrivinga viser at i løpet av dei neste 15 åra vil talet på barn i alderen 0-5 år vera stabilt. Vi har her nytta hovudalternativet som er det SSB brukar. SSB sine folketalsframskrivingar legg seg på ein positiv vekst.

Oppvekstsenter

Å organisere skule og barnehage som eit felles oppvekstsenter er ein modell som fører med seg ein betydeleg administrativ og juridisk kompleksitet. Ein leiar må ha god innsikt i både pedagogikk for småbarn og didaktikk for skuleelevar.





Dette vil auke det administrative arbeidspresset. Det er krevjande på fleire punkt. Barnehage og skule blir styrt av ulike lovverk som vil skape komplekse krav til dokumentasjon og sakshandsaming.

Å leie tilsette med ulike profesjonsidentitetar og arbeidsvilkår under same tak er utfordrande da arbeidstidsavtaler og kompetansekrav er veldig ulikt for profesjonane. Finanisieringsmodellane er ulike og det er strenge krav til at øyremarka midlar vert brukt på rette måten, og det vil gjerne krevje at økonomien vert skild mellom barnehage og skule.

Krava til det bygningsmessige og det fysiske miljøet generelt er ulikt og varierer etter alder på barna. Det er ikkje berre å flytte ein barnehage inn i ein skule. Vi er per dags dato ikkje rusta for å etablera oppvekstsenter i vår kommune.






Utvikling i barnetal og elevtal

Befolkningsframskrivinga viser at i løpet av dei neste 15 åra vil talet på barn i alderen 0-5 år vera stabilt og tal elevar 10-19 år vil minska. Vi har her nytta hovudalternativet som er det SSB brukar. SSB sine folketalsframskrivingar legg seg på ein positiv vekst.

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Hovedalternativet (MMMM), Ullensvang.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabellen syner: Framskrevet folkemengde 0 - 19 år





Tal skuleelevar

Elevtalsutviklinga viser ein nedgang på 15,7 %. 176 elevar færre frå skuleåret 2031-32.

SKULEÅR	2025- 2026	2026- 2027	2027- 2028	2028- 2029	2029- 2030	2030- 2031	2031- 2032	Endring 6 år, elevtal hovudtrinn	Endringa i prosent
Hauso 1-7	26	26	24	24	33	28	33	7	26,9%
Jondal 1-7	88	84	78	77	78	75	77	-11	-12,5%
Kinsarvik 1-7	62	60	69	61	61	55	50	-12	-19,4%
Odda 1-7	292	287	287	279	279	292	291	-1	-0,3%
Opedal 1-7	106	100	102	97	90	85	94	-12	-11,3%
Røldal 1-7	32	28	26	27	24	22	21	-11	-34,4%
Skare 1-7	35	30	28	24	24	28	29	-6	-17,1%
Tyssedal 1-7	44	42	40	43	43	38	39	-5	-11,4%
Vikebygd 1-7	34	27	29	34	35	32	34	0	0,0%
Hauso 8-10	36	39	39	33	22	24	22	-14	-38,9%
Jondal 8-10	43	45	45	44	41	37	32	-11	-25,6%
Kinsarvik 8-10	103	91	80	75	74	83	75	-28	-27,2%
Odda 8-10	204	202	185	184	170	155	135	-69	-33,8%
Røldal 8-10	17	18	17	14	14	13	14	-3	-17,6%
Totalt	1122	1079	1049	1016	988	968	946		
Endring	-51*	-43	-30	-33	-28	-20	-22	-176	-15,7%

*Endring frå skuleåret 2024-25 til 2025-26 er ikkje med i summeringa.





Elevtala i tabell ovanfor er framskrivingar av allereie registrerte barn i grunnskulen per 8.2.2026, og tek ikkje omsyn til ev. til-/fråflytting for kommunen i perioden til 2031-32. Denne framskrivinga har i tillegg med seg 12 gjesteelevar frå Kvinnherad. Generelt har me sett at dette har vore stabile tal dei siste åra. Det endrar difor ikkje elevtalet i Ullensvangskulen vesentleg, og det er få nye barn i kvar krins. Reduksjonen vert dei neste 5 åra truleg på over 150 elevar.

Elevtal 1. trinn per skule

Fødd kull /Skulestart	2019 /2025	2020 /2026	2021 /2027	2022 /2028	2023 /2029	2024 /2030	2025 /2031
Totalt	91	94	107	96	101	88	91
Hauso barne- og ungdomsskule	3	7	4	4	9	1	5
Jondal skule	12	10	11	12	12	10	10
Kinsarvik skule	6	8	13	2	9	6	6
Odda barneskole	42	43	48	42	40	43	33
Opedal skule	12	12	16	14	11	10	19
Røldal skule	4	3	2	4	4	1	3
Skare Barneskule	4	3	3	3	4	8	4
Tyssedal barneskole	6	7	3	7	7	4	5
Vikebygd skule	2	1	7	8	5	5	6

Tabellen syner: XX fødde, folkeregistrerte per 8.2.2026

Tal elevar frå anna kommune (gjesteelevar)

Ullensvang kommune har inngått avtale med Etne kommune og Kvinnherad kommune om kjøp av skuleplass i vår kommune. For tida gjeld det 12 elevar, fordelt på 2. -10. trinn ved Jondal skule, Odda barneskole og Odda ungdomsskole.





Frå skuleåret 2026-27 vil det vere 8 elevar frå Kvinnherad. For tida har vi ingen gjesteelevar frå Etne kommune, men kjenner til at det kan verta 4 framtidige elevar ved Skare barneskule, høvesvis 2 elevar i 2029-30 og 2 nye i 2031-32.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa i kommunen har to verksemdar. Den eine ligg i Kinsarvik og den andre i Odda.

Vaksenopplæring gir norskopplæring og førebuarande opplæring for vaksne (FOV). Førebuarande opplæring for vaksne er det same som tidlegare heitte *grunnskuleopplæring for vaksne*. I tillegg til dette arrangerer dei norskprøve, prøve i samfunnskunnskap, statborgarprøve og foretar realkompetansevurdering.

Vaksenopplæringa samarbeider i tillegg med Odda vidaregåande skule om opplæringstilbod for ungdom mellom 16 og 24 år, som har kort butid i Norge.

Det vert gjeve tilbod om individuell tilrettelegging, for dei som har behov for det etter ei sakkunnig vurdering frå pedagogisk psykologisk teneste (PPT).

Bygga som tilhøyrer vaksenopplæringa i Kinsarvik er i dårleg forfatning, samstundes som talet på deltakarar ligg kring 50. I Odda vaksenopplæring er deltakartalet kring 70, og i løpet av våren vert dei samlokalisert med verksemd for integrering i nyoppussa lokale i sentrum av Odda.

Det er også utfordringar med den geografiske avstanden mellom desse to verksemdene, noko som kan gjere det vanskeleg for deltakarane å reise i mellom.

Dersom talet på deltakarar i verksemdene går ytterlegare ned vil det vere mogleg å vurdere ei endring av struktur av desse to verksemdene. Ein kan allereie no sjå på ei meir fleksibel organisering av dette tilbodet.





Tal barn i barnehage

I august 2025 gjekk det totalt 445 barn i barnehage i Ullensvang kommune. I desember 2025 auka det til 462 barn. Andelen barn 1-5 år som har plass i barnehage 15.12.24 var 95,1 prosent. Tal barn i kvar barnehage kan variera gjennom året og frå år til år, men innanfor det godkjende leikearealet til barnehagen.

Under ligg ein tabell med oversikt over tal barn totalt, totalt etter alder og tal pr barn, som har gått i kvar enkelt barnehage dei siste fem barnehageåra:

Barnehageår	2021/2022		2022/2023		2023/2024		2024/2025		2025/2026	
Dato	15/1 2-21	15/5 -22	15/1 2-22	15/5- 23	15/1 2-23	15/5- 24	15/1 2-24	15/5- 25	15/1 2-25	15/5- 26
Tal barn i barnehage	424	445	433	450	441	453	465	487	462	487
Fordeling barnetal for kvar barnehage										
Aga	18	19	18	18	18	19	21	21	24	24
Eidesåsen friluftsbarnehage	26	26	27	27	32	32	30	30	30	30
Eitrheimsvågen	46	46	50	51	54	53	59	67	57	63
Hestavoll	46	47	45	45	44	45	43	45	42	43
Jondal	48	52	46	49	49	51	53	55	53	58
Kinsarvik	41	47	44	45	40	40	38	41	38	41
Rabben	67	69	69	70	70	71	74	74	70	70
Røldal	16	16	13	17	16	17	15	16	15	15
Sekse	24	24	20	22	20	20	23	24	21	24
Skare	16	18	16	17	13	13	13	18	18	24





Tyssedal	26	27	27	25	25	25	29	29	29	28
Utne	15	15	18	19	15	19	23	24	23	25
Veisane	35	39	40	45	45	48	44	43	42	42

Tabellen syner: Tal henta frå fagsystem i kommunen.

Tal barn med barnehageplass frå andre kommunar

Ullensvang tilbyr barnehageplass til dei som har bustadsadresse i Ullensvang kommune (jfr. Lov om barnehage § 12a). Kommunen har inngått avtale med Kvinnherad- og Etne kommune om kjøp av barnehageplassar i Ullensvang kommune.

Her er ei oversikt over tal barn med barnehageplass i Ullensvang kommune frå desse to kommunane:

Kommune	15.12.20	15.12.21	15.12.22	15.12.23	15.12.24	15.12.25
Etne	0	0	0	0	0	1
Kvinnherad	1	5	3	1	0	0

Tabellen syner: Tal henta frå fagsystem i kommunen.





Tilstand bygg

Ullensvang kommune sin vedlikehaldsplan er basert på MultiMap-analysen. Denne rapporten gir ei samla framstilling av den bygningstekniske tilstanden for skule- og barnehagebygg i Ullensvang kommune. Formålet er å synleggjera det akkumulerte vedlikehaldsetterslepet for å sikra teknisk standard og eit forsvarleg inneklima.

Hovudfunn:

- Høg alder: Barneskulane har ein gjennomsnittsalder på 69 år, medan ungdomsskulane ligg på 56 år.
- Teknisk svikt: Forfall i VVS-anlegg (ventilasjon) og elektro er hovudårsaka til høge tilstandsgradar (TG) og dårleg inneklima.
- Økonomisk omfang: Det samla behovet for sektoren er estimert til over 360 millionar kroner. Berre for barneskulane er behovet berekna til 174,1 MNOK.

Konklusjon og prioritering

Basert på den tekniske analysen blir følgjande prioriteringar tilrådde:

1. Strakstiltak (0-1 år): Oppgradering av ventilasjon ved Odda Ungdomsskule (TG 2,58) og kritiske utbetringar ved Odda Barneskule, Sekse og Eitrheim barnehagar for å unngå følgeskadar.
2. Klimaskal (1-3 år): Utsifting av tak og vindauge på bygg med TG over 1,8 (t.ex. Skare og Odda barneskule) for å redusera energibruk.
3. Strukturelle val: For bygg der oppgraderingskostnaden overstig 12 000–14 000 kr pr. m², bør totalrehabilitering vurderast opp mot nybygg.





Skulebygg - teknisk etterslep

Skulane utgjør den største arealandelen og har det tyngste vedlikeholdsetterslepet.

Skulebygg	Areal (m2)	Vektet TG	Kostnad pr. m2 (Est.)	Merknad
Odda Ungdomsskule	8 021	1,84	14 075/ 14 100 kr	Kritisk ventilasjon (TG 2,58)
Odda Barneskule (Hovud)	5 140	1,85	13 500 kr	Krev over 40 mill. på kort sikt
Skare Barneskule	1 843	1,81	13 800 kr	Vedlikehald takflater
Tyssedal Barneskule	2 870	1,75 - 1,96	10 500 - 14 300 kr	Svært dårleg VVS (TG 2,46)
Opedal Skule	934	TG 2	9 500 kr	Eldre bygg, brannsikring
Røldal Skule	2 175	TG 2	9 200 kr	Utvendig klimaskal
Kinsarvik Skule	3 740	TG 2	8 400 kr	Ventilasjon og teknisk anlegg
Hauso Skule	2 295	TG 2	8 100 kr	Fokus på skredsikring
Jondal Skule	2 845	0,32 / TG 2	0 kr/ 7 900 kr*	Best stand, skulebygg
Vikebygd Skule	1 417	1,39 / TG 2	7 100/ 6 800 kr	Ordinært etterslep

**Variasjonar i tal kan førekoma mellom overordna estimat og detaljerte tabellar i kjeldedokumenta.*





Barnehage - tilstand og kostnad

Barnehageporteføljen omfattar 12 bygg (7 358 m²). Røldal barnehage er ikkje med i rapporten er eit innleigd bygg.

Eigedom	Alder	Vektet TG	Behov samla (MNOK)	Kostnad pr. m ² (BTA)
Hestavoll (Gml. avd)	38	1,66	3,1 M	11 000 kr
Sekse Barnehage	65	1,56	6,7 M	10 300 kr
Utne Barnehage	42	1,90	3,4 M	9 500 kr
Eitrheim Barnehage	40	2,01	4,6 M	9 200 kr
Eidesåsen Barnehage	45	1,80	5,8 M	9 100 kr
Vågateigen Barnehage	40	2,05	2,5 M	8 900 kr
Tyssedal Barnehage	48	1,75	4,2 M	8 800 kr
Aga Barnehage	35	1,40	1,9 M	6 500 kr
Veisane Barnehage	32	1,30	2,2 M	4 800 kr
Rabben Barnehage	25	1,26	5,0 M	3 100 kr
Kinsarvik Barnehage	9	1,00	0,0 M	900 kr / 0 kr*
Skare Ny Barnehage	7	1,00/	0,0 M	900 kr / 0 kr*

**Tala for Kinsarvik og Skare barnehage er baserte på landsgjennomsnitt FDV kostnad.*





Vurdering av barns beste i skule- og barnehagestrukturplanen - ei oppsummering

Formålet med denne vurderinga er å sikre at kommunen sine vurderingar og forslag til endringar i barnehage- og skulestrukturen er i samsvar med gjeldande regelverk og grunnleggjande rettar for barn. Vurderinga skal synleggjere korleis barn sine rettar er identifiserte, vurderte og vektlagde i planarbeidet, og korleis barnets beste er vurdert både på individ- og gruppenivå.

Plikta til å vurdera barn sitt beste, er mellom anna heimla i FN sin

Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1 og i Grunnlova § 104.

Rettane i Barnekonvensjonen legg grunnlag for å sikra barn optimal utvikling.

Som ein viktig del av barnehage - skulestrukturplanen skal kommunen difor gjera ei barnets beste-vurdering. Ein skal vurdera omfang av evt. konsekvensar for barn, rettar barn har som vert påverka, medverknad, tiltak som kan vera beskyttande faktorar, og barnet sitt beste.

Endringar i samband med ny barnehage- og skulestruktur vil påverka barn i dei kretsane der det er foreslått nedlegging eller samanslåing av barnehagar og skular.

Det vil påverka både enkeltbarn og grupper av barn sidan det handlar om ny barnehage/nærskule eller at barnehagen/nærskulen til barnet vert større i tal barn og kan henda fysisk utforming. Det kan handla om både direkte og indirekte konsekvensar for ulike barn/elevgrupper.

Ei konsekvensutgreiing om "Barna sine rettar", er veid opp mot andre faktorar som økonomi, auka reiseveg, styrka læringsmiljø, bemanningsutfordring og pedagogisk kvalitet.

Meir detaljert om barns beste står i vedlegg: "Vurdering av barns beste i Ullensvang kommune sin barnehage- og skulestrukturplan"





Tilråding

Rådmannen foreslår tre hovudtiltak for å møte utfordringar med synkende elevtal, dårlege bygningsmassar og behovet for sterkare fagmiljø. Rådmannen har gjort ei avveging mellom økonomisk bærekraft og pedagogisk kvalitet på den eine sida, og nærleiksprinsippet på den andre.

Tilråding nr. 1 Samlokalisering av Odda barneskule og Tyssedal barneskule

Elevar som i dag soknar til Tyssedal barneskule, byrjar ved Odda barneskule.

Fordelar

- Eit større sosialt fellesskap med eit større mangfald, gir fleire potensielle vener.
- Meir variert læringsmiljø: Ein større skule kan ha både meir varierte fysiske læringsareal og læremiddel, men også eit større fagmiljø der lærarane har høve til meir samarbeid og erfaringsutveksling. Lærarar som underviser på same trinn kan i mykje større grad nyttegjera seg av kvarandre sin fagkunnskap.
- Mer effektiv organisering av spesialundervisning, med betre tverrfagleg samarbeid og betre ressursfordeling gjennom større enheter. Redusere kostnader per elev og auke kvaliteten på opplæringen.
- Sammenslåing av einingar for å skape større profesjonsfellesskap. Bedre ressursutnyttelse og auka kompetanse hos ansatte.
- Meir effektiv drift: færre skulebygg å drifte og vedlikeholde frigjer midlar.
- Større skular kan vera meir attraktiv for lærarar og enklare å rekruttere.

Ulemper

- Barn og foreldre vil få lengre reiseveg
- For enkelte barn kan det bli utfordrande å gå på ein større skule
- Mindre tett lokalt nettverk: Elevar som byter frå ein liten skule med aldersblanda grupper med eit lite og tett sosialt miljø, vil kanskje ha mindre kontakt med desse på ein større skule der det er mange på sitt eige trinn. Skulen fungerer gjerne som ein viktig sosial møteplass i bygda og kontakten med nettverket elles kan også bli redusert.





- Redusert foreldreinvolvering: Foreldre kan ha vanskelegare for å delta i aktivitetar på skulen og foreldremøte på grunn av lengre avstand til skulen. Mindre involvering kan påverka barn si oppleving av støtte og engasjement *frå foreldra*.
- Risiko for utanforskap: Overgangen til ein større skule kan auka faren for utanforskap viss elevane opplever at dei ikkje er ein del av det sosiale fellesskapet på den nye skulen

Reiseveg

Reisevegen samanslåing Tyssedal - Odda er 7 km, ca 15 minuttar.

- Avstanden mellom Tyssedal barneskole og Odda barneskole er 7 km, ca 15 minuttar.

Det er ikkje lovfesta kva som er maksimal reisetid for skuleskyss. I “ [Rettleiar for skuleskyss i grunnskolen](#) ” står det kva som kan reknast som akseptabel tidsbruk knytt til skuleskyss. Samla gang- vente- og skysstid ein veg bør ikkje overstiga 45 minuttar for 1. klasse - 4. klasse, 60 minuttar for 5. klasse til 7. klasse og 75 minuttar for ungdomstrinnet.

Vegen mellom Tyssedal og Odda er under utbetring og planlagt ferdig hausten 2026.

Skulebygget Tyssedal barneskole

Ullensvang kommunestyre ber rådmannen sjå frigjort bygg ved Tyssedal barneskole i samanheng med kommunens totale behov for lokalar og byggareal.

Skuleanlegget i Tyssedal kan ikkje leigast ut eller selgast til bruk for grunnskuledrift.

Barns beste Tyssedal - Odda barneskole:

Det er gjort ei vurdering av barns beste når det gjeld endringar i skulestrukturen. Vurderingar i forhold til kva konsekvensar det får for barna og andre hensyn som økonomi, rekruttering og forsvarleg drift. Konsekvensane blir størst for elevane ved Tyssedal skole. Elevane får ny nærskule som vert Odda barneskole, dei får lengre reiseveg og bygda Tyssedal mister skulen sin i Tyssedal.

Odda barneskole og Tyssedal barneskole må utarbeida gode overgangsordningar for elevane og særskilt sårbare barn. For meir detaljert vurdering om barns beste finn ein i vedlegg: “Vurdering av barns beste i Ullensvang kommune sin plan for skule- og barnehagestruktur”.





Forventa innsparing i drift

Forventa innsparing i året	
Forvalting, drift, reinhald og vedlikehald:	ca 1 061 200,-
Bemanning, stipulert innsparing	ca 9 000 000,-
Oppgradering/investeringsbehov Odda barneskole	0,-
Auke i kostnader til skyss	ca 595 000,-
Årleg innsparing drift	10 656 200,-

Tabellen over syner dei kostnadene me har i å drifta bygget og undervisa elevane.

Tilråding nr. 2 Utgreiing av ein skule på vestsida av Sørfjorden

Demografisk utvikling og berekraft

Elevtalframskriving viser at dei to skulane på vestsida står overfor ein nedgang i elevtal, noko som gjer dagens struktur utfordrande å oppretthalda:

- Hauso skule (1-7): Elevtalet er i dag lågt og synkande. Elevframskrivinga for 2030-31 viser berre 28 elevar på barnetrinnet, og det er allereie fleire trinn utan elevar. For skuleåret 2031-2032 viser elevframskrivinga 33 elevar som er ei auke.
- Vikebygd skule (1-7): Sjølv om Vikebygd er den einaste skulen i kommunen med ein liten vekst fram mot 2030-31 (elevframskriving på 32 elevar), er det totale elevtalet på vestsida framleis lågt. For skuleåret 2026-2027 har så langt tre av fire elevar, som tilhøyrrer Vikebygd krins, skrive seg inn på 1. trinn ved Odda barneskole. Til saman har fem elevar inneverande skuleår fått innvilga søknad om å tilhøyre Odda skulekrins i staden for Vikebygd krins.
- Lærarane si vurdering: Både lærarar og fagarbeidarar på Vikebygd vurderer det som mest berekraftig å satse på ein felles skule på Nå (Vikebygd) for barnetrinnet ut frå desse elevframskrivingane.





Sosiale og pedagogiske omsyn

Eit større og samla elevmiljø vert trekt fram som avgjerande for kvaliteten på opplæringa:

- Betre elevmiljø: Både FAU ved Vikebygd og SU ved Hauso peikar på at ein samanslått skule vil gje eit betre sosialt miljø der elevane lettare kan finne vener.
- Fagleg breidde: Større fagmiljø for dei tilsette og breiare fagtilbod for elevane vert sett på som ein føresetnad for ei framtidsretta skule.
- SFO-tilbod: Samling av ressursar kan sikre eit meir stabilt og robust SFO-tilbod uavhengig av svingingar i elevtal.

Økonomi og ressursutnytting

Kommunen sin økonomiske situasjon krev ei meir effektiv drift:

- Samling av ressursar: Ved å slå saman skulane kan kommunen frigjere ressursar som i dag går til drift av fleire små bygg, og heller bruke desse direkte på elevane sitt læringstilbod.
- Investeringar: Det er allereie gjort store investeringar i ventilasjon, basseng og uteområde ved Hauso skule som også bør takast omsyn til i ei samla løysing.

Lokalisering og logistikk

Val av stad for ein felles skule er eit sentralt punkt i utgreiinga:

- Vikebygd som sentrum: FAU ved Vikebygd argumenterer for at deira skule er det beste alternativet grunna nærleik til Odda, noko som gjer det lettare å rekruttere kvalifiserte lærarar.
- Reiseveg: Det vert lagt vekt på at ein felles skule må ha gode transportløyningar for å redusere reisetida for elevane i ytterkantane av krinsane.





Tilråding nr. 3 Utgreiing av sentrumsbarnehage i Odda

Eitrheimsvågen barnehage og Hestavoll barnehage er i dårleg stand. Det er derfor behov for å byggja ny/nye barnehage/barnehagar. Statsforvaltaren i Vestland har fremja motsegn mot reguleringsplanen for ny barnehage i Eitrheimsvågen, grunna usikre verdier av tungmetall i utsleppa frå Boliden. Kommunestyret kan ikkje eigengodkjenne reguleringsplanen før motsegna er løyst. Kommunestyret kan derimot vedta planen, og be Statsforvaltaren senda planen over til Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD) for endeleg avgjerd. Det er venta at planen kjem til handsaming i første møtet etter påske.

Ny barnehage eller utviding av Hestavoll barnehage er ikkje mogleg utan sikringstiltak mot steinsprang. Tomta ligg i areal med årleg nominell skredfare større enn 1/5000, som ikkje opnar for S3-tiltak som barnehagar er. Dette er synt i skredfarerapport RA-INGGEO-03 datert 2024-08-09 som Ullensvang kommune har fått utarbeidd. Denne avventar uavhengig kvalitetssikring (UKS), før konklusjonane for S3 tiltak kan nyttast for å heimla byggeløyver. Det er ikkje sannsynleg at denne skredfaren blir redusert etter UKS.

I Odda sentrum er det fleire potensielle tomter der Ullensvang kommune er grunneigar. Dei fleste av desse er høvesvis små og tatt i bruk til andre føremål. I alle tilfeller er det naudsynt med oppdatert plangrunnlag for å opna for nye barnehagar.

Potensielle tomter i Odda sentrum, her definert som arealet frå nederst i Tjoadalen til Sørfjordsenteret og avkjørsla til Freim - Ragde der kommunen er eigar. Lista er ikkje i prioritert rekkefølge.

- Parkeringsplass Odda Barneskule
- Bygda fotballbane
- Aust for Meieriet - Opp mot Ragdevegen
- Nederst i Tjoadalen

Alle desse tomtene vil vera i tråd med Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) om fortetting i sentrumsområda. Det er kun tomte aust for Meieriet som kan vera stor nok til å etablere ein barnehage som fyller heile behovet.





I foreløpig framlegg til Kommuneplanen sin arealdel (KPA) ligg alle desse tomtene inne i sentrumsføremålet, og vil difor ikkje vera i strid med ny KPA, dersom den blir vedteke i tråd med noverande vedtak.

Rådmannen sine tilrådingar oppsummert

Tiltak	Rådmannen sine tilrådingar oppsummert	Tidshorisont
1	Ullensvang kommunestyre vedtek at elevar som i dag soknar til Tyssedal barneskole, tek til ved Odda barneskole hausten 2027.	Hausten 2027
2	Ullensvang kommunestyre vedtek at rådmannen legg fram sak om ein felles skule på vestsida av Sørfjorden. Utgreiinga skal gjerast av eksternt konsulentfirma innan juni 2027, og det vert bevilga midlar til denne kostnaden.	Juni 2027
3	Ullensvang kommunestyre gjer rådmannen i oppdrag å utarbeida plangrunnlag til ny barnehage i sentrum innan juni 2027.	Juni 2027





Vedlegg - oppsummering av høyringsinnspela

Dei store linene i innspela - skule

Betydning av nærskulen	Fordelar ved endring	Uro ved endring	Noe spesielt å løfte fram	Viktigste budskap
Tryggleik, trivsel, tilhøyrse, kontinuitet, vener i nærmiljøet. Korte avstandar. Viktig for lokalmiljøet med ein skule. Skulen som samlingsplass. Skulen er viktig for busetnad, nærmiljø og bygdeutvikling.	Fleire elevar i klassen, større klassemiljø som potensielt kan gi fleire vener. Større/sterkare fagmiljø. Eit mer likeverdig og bærekraftig skuletilbod for alle elevar. Skulen kan bli betre tilpassa alle elevane. Kanskje fleire tilbod med praktisk undervisning? Betre skuleøkonomi i kommunen. Mer ressursar tilgjengeleg for elevane ved å samle ressursane. Endringar i skulestruktur kan vere bra da folk får prøva noko nytt.	Bekymra for det ukjende, ringverknader for det frivillige tilbodet og skulen som samlingsplass. Lengre reiseveg/skuleveg på til dels dårleg veg, mykje køyring. Lengre dagar for både elevar og tilsette. Tida vil gå utover fritida (kvile, sosial utvikling, deltaking i fritidsaktivitetar). Kan miste tilsette grunna at dei får lengre reiseveg. Tap av nærmiljøskule. Redd for korleis "vegen til endring" eventuelt vert.	Ullensvang kommune må vera ein distriktsvenleg kommune. Strukturen ein landar på må vere endeleg slik at det skapar føreseielegheit. Ynskjer eit stabilt og godt tilbod til innbyggjarane. Fokus på skulebygg og tilpassing til dagens standard med spesialrom blant anna.	Ta vare på bygdene. Vestsida ynskjer ei avklaring på ei pågåande sak sidan 2011. Ynskjer at politikarane skal ta kontakt med dei ulike foreldra på vestsida. Ynskje om at politikarane gjer det som er best for både dei som bur på vestsida og heilskapen. Ved eventuell renovering av skular må det takast høye for fleire elevar. Viktig at alle har ein trygg og god skulekvardag.

Dei store linene i innspela - barnehage

Betydning av barnehage i nærmiljøet	Fordelar ved endring	Uro ved endring	Noe spesielt å løfte fram	Viktigste budskap
Barna si tryggleik og relasjonar - Kjente omgivelser - Byggja relasjon til andre barn i nærmiljøet Levende bygder - viktig for bosetting - arbeidsplassar Kort reiseveg - logistikk og praktisk kvardag - kortare dag i barnehagen for barna	Større barnegrupper - fleire leikekameratar for barna Større fagmiljø - auka pedagogtettleik - fagleg utvikling - rekruttering Betre ressursutnytting - heile stillingar Moderne fasilitetar	Barna si tryggleik og relasjonar - fleire born og vaksne å forhalda seg til Tap av fagfolk - reiseveg - ønsker ikkje byta arbeidsplass Reiseveg - Lengre reiseveg - Reiseveg på dårlege vegar Svekka nærmiljø At økonomi øverskyggjer vurderinga av barna si beste.	Barna si beste i fokus Tryggleik, og "det nære" i mindre barnehagar Reiseveg kan bli lengre og på dårleg veg	Å ha ein struktur som sikrar nærleik, tryggleik og levande lokalsamfunn.

